

Gloppen hjorteutval – 26.03.2025





Program

1. Gjennomgang av jakta

- Valda sine inntrykk og tankar
- Jaktstatistikk og sett hjort
- Bestandsutvikling – kart

2. Trong for viltmottak?

3. Oppdatering beiteprosjekt

4. Oppdatering merkeprosjekt

5. Vårteljing

6. Informasjon før møte på Skei

7. YMSE





1. Gjennomgang av jakta

Valda sine inntrykk og tankar om jaktseasonen 2024:

Generelt har jakta gått greitt for dei fleste valda. Fleire såg at den tidlege hausten hadde verknad på kor ein fant dyr. Var mindre i høgda tidleg i jakta, men fleire dyr lenger ned enn det som er normalt på den tida.

Fleire har lagt merke til ujamne vekter. Nokre veldig små dyr, spesielt ungdyr.

Ujamn fordeling på hjort i nokre vald der enkelte jaktfelt har mykje og andre nesten ikkje ser dyr.


Eit spørsmål kom opp om kva som gjeld i vald som har vedtekter med andre reglar for inn- og utmelding av eigedomar/jaktfelt enn dei datoane som står i forskrifta.

Lindis skal sjekke ut dette med Landbruksdirektoratet.



Tildelt og felt hjort i Gloppen kommune

Felte og tildelte dyr




Tildelt: 951

Felt: 812

Fellingsprosent: 85,4 %


Nytt toppår på tal felte dyr.

Fellingsprosent



Kjønns- og aldersfordeling

Aldersfordeling av felte dyr



Kalv: 31,9 %

Fjorkolle: 14,8 %

Beinhonnel: 17,1 %
(fjordyr: 31,9 %)

Eldre kolle: 18,6 %


Eldre bukk: 17,6 %
(eldre dyr: 36,2%)

Kjønnsfordeling i uttak

Kjønnsfordeling

Hann: 50,9 %


Ho: 49,1 %



Slakteveker

Slakteveker dei siste 10 år

Snittvekt 2015-2024




Aukande trend på eldre bukk.
Minkande trend på fjordyr og kalv.
Stabil trend på kolle.

76 % av dei felte dyra vart
levert med vekt i 2024.






Sett og felt hjort



Sett hjort per jegerdag totalt (blå) var høgare i 2024 enn åra før. Same trend på innmark og utmark.


Felt hjort per jegerdag totalt (oransje) var lik som i 2023. På innmark har den gått litt ned samanlikna med 2023. .

Nå vert 91 % av dei felte dyra registrert som felt hjort i hjorteviltregisteret. Veldig bra!!






Bestandsutvikling



Felt av sett bukk: 11,2 %
Felt av sett kolle: 9,7 %
Felt av sett kalv: 14,3 %

91 % av jaktfelte leverte sett hjort i 2024, og 91 % av dei felte dyra vart registrert som felt hjort i HVR.

Felt av sett



Bestandsutvikling (2022-2024)

☐ Valdkart

Sett hjort per jegerdag

☐ Ikkje registrert

☐ 0,0 - 0,5

 0,5 - 1,0

1,0 - 2,0

2,0 - 4,0

4,0 - 6,0

6,0 - 8,0

8 og over

Tal jegerdagar

☐ Ikkje registrert

1 - 15


15 - 50

50 - 100

100 - 150

■ 150 - 300

■ 300 eller meir



Bestandsutvikling (2022-2024)

Valdkart

Sett kolle per bukk

Ikkje registrert

0.00 - 0.50

0.50 - 1.00

1.00 - 1.50

1.50 - 2.00

2.00 - 3.00

3.00 - 4.00

4.00 - 5.00

5.00 og over

Tal jegerdagar

Ikkje registrert

1 - 15


15 - 50

50 - 100

100 - 150

150 - 300

300 eller meir





2. Trong for viltmottak?

To alternativ for levering av hjort:

- 1) Etablere «viltlager» for vidaretransport av hjorteskroddar. Dette kan vere ein kjølecontainer eller eit kjølelager. Skrodden hentast og transporterast til ein næringsaktør. Om hjorten ikkje er feltkontrollert må indre organ følgje med slik at Mattilsynet kan kontrollere dei. Skriftlege rutinar må på plass m.t.p. hygiene, adgangskontroll m.m.
- 2) Etablere viltmottak for skjering og omsetning av hjort. Eit viltmottak må vere i eigna lokalar med blant anna slakteavdeling, kjølelager, parteringsrom og næringsmiddelgodkjent vatn. Ein må registrere seg som næringsmiddelverksemd hjå Mattilsynet. Mattilsynet skal kontrollere og godkjente dyr vert stempla med ovalt EFTA stempel. Å etablere viltmottak kan vere dyrt og bør truleg kombinerast med mottak av husdyr for å få økonomi.

I Gloppen har vi eit viltmottak hos Kandal Kjøtt, men kapasiteten til hjort er avgrensa.

Norsk hjortesenter er sekretær for ei ny næringsklynge som jobbar med å legge til rette for at hjortekjøtt skal kunne vere ei tilleggsnæring innan landbruket og meir tilgjengeleg for andre enn jegerar og folk rundt dei. Dei skal utvikle ei brosjyre om korleis ein kan kome i gang med viltlager eller viltmotta.

Norsk hjortesenter tilbyr og kurs om gode slaktevaner.

3: Oppdatering beiteprosjekt



Beiteprosjektet skulle teste ut enkle metodar for at grunneigar sjølv skulle kunne dokumentere beiteskade frå hjort (eller gås).

På grunn av måletidspunktet fungerte målemetoden dårleg for å dokumentere skade. Metoden skulle måle høgdeforskjell og dekningsgrad inni og utafor buret.

Metoden skal vidareutviklast. Hovuddelen av prosjektet vil gjennomførast på Svanøy, mens nokre få bur blir satt ut i deltakarkommunane. Grunneigarar med eigne bur vart prioritert.

Framleis er målet å finne ein enkelt gjennomførbar METODE. ***Det kjem ikkje til å bli rapportert tal på skade på enkeltbruk i dette prosjektet.***



Innspel frå Gloppen Sør



Gloppen Sør Kandal ønsker no eit meir framheva økt fokus på beiteskader av hjort på innmark. Som det går fram av den Kommunale Forvaltningsplanen for hjort 2024-2026 finst her ikkje noko ordning for å kartlegge beiteskade på innmark.

Gloppen Sør meiner at ein ved bruk av viltfondet i kommunen kanskje skal prioritere førebygging av hjorteskade, både tiltak og kartlegging som gjer oss fakta og konkrete tal på bordet.

I møte kom det fram at Gloppen Sør meiner at dokumentasjonen som skal leggst fram bør vere på detaljnivå med vurdering av økonomisk tap for bonden. Det er uvisst om dette er tenester som kan bestillast frå Norsk Landbruksrådgjeving. Lindis undersøker meir om slike prosjekt. Gloppen Sør meiner fleire tiltak må vurderast før kommunen kan tildele fleire løyve til eit vald.

Bakgrunnen for innspelet er at forskrift for minsteareal i kommunen er endra og valda frå Ryssdal, Breim og Byrkjelo-områda har fått eit minsteareal på 350 dekar. Fleire jaktfelt i Gloppen Sør/GSV Kandal er redd for at hjorten forsvinner frå deira område om uttaket i hjortetette områder auka.

Kommunen har eit mål om å redusere hjortetettleiken i områder med for høg tettleik. Områda som no har fått redusert minstearealet er vurdert som områder med for høg tettleik.

4. Oppdatering merkeprosjekt



Tidslinje 2025

Februar: Siste halsband falt av

Mars-mai: Dataanalyse

Juni: Rapport planlagt ferdig

Informasjonsmøte vil bli planlagt i etterkant av publisert rapport.

Det er interesse for å sette opp eit gratis hjortemøte i forkant av jakta med innslag frå Norsk hjortesenter om gode slaktevanar, samt at NIBIO kjem og informerer om resultata frå merkeprosjektet.




5. Vårteljing



Gjennomførast 2 påfølgjande veker innafor perioden siste to helgane i april til fyste to helgane i mai.

Dato i 2025: Natt til 19. april til natt til 10. mai

Det kjem informasjon om vårteljing på neste fellesannonse i avisa.



6. Informasjon før møte på Skei



Tid: laurdag 5. april kl 10:00-14:00

Frist for påmelding: **27.03.2025** – påmelding digitalt – Sunnfjord kommune sine heimesider

Program:

Start kl 10:00

- Velkommen og gjennomgang av statistikk, mål og felling i årsleveområdet
- Orientering om mål og evaluering av avskyting i gjeldande planperiode
 - Indre Jølster bestandsplanområde (BPO)
 - Storvald i Gloppen/Stryn
- Kondisjon og utviklingstrender for hjortebestandane på Vestlandet (v/Finn Olav Myhren, Vestland FK)
- Hjorteforvaltning på bestandsnivå (v/Norsk hjortesenter)
- Diskusjon om Gloppen, Stryn og Indre Jølster bestandsplanområde

Slutt ca kl 14:00

Møte er sett opp som ein møteplass der ein kan informere og diskutere hjorteforvaltninga innafor eit samla årsleveområde uavhengig av om valda er meldt inn i det overordna bestandsplanområdet eller ikkje.


Kommunen har ingen baktanke om å tvinge vald til å melde seg i inn i bestandsplanområde, men trur det vil vere positivt å snakke opent om mål, måloppnåing og eventuelle utfordringar dei forskjellige områda har. Ei felles forståing av hjorteforvaltninga innafor eit årsleveområde vil gje betre resultatar.

Gloppen Nordside bad om informasjon om administrative, praktiske og økonomiske konsekvensar eit samarbeid i eit BPO vil medføre.

- Tanken med eit bestandsplanområde som omfattar årsleveområdet til hjorten er at ein forvaltar ein felles hjortebestand over eit stort nok området som omfattar størstedelen av eit hjortebestand innanfor eitt år – dvs årsleveområdet.
- Eit bestandsplanområde er ikkje ein juridisk eining slik som valda er. Det er eit samarbeid om mål og avskyting mellom fleire etablerte vald.
- Bestandsplanområde skal oppnemne ein representant som opptrer på vegne av bestandsplanområde ovafor kommunen – dette gjeld ved inn- og utmelding av vald og innsending av bestandsplan/endringar.
- Det lagast ein bestandsplan som gjeld for heile området. Dette er ein forenkla plan samanlikna med dei planane som er i storvalda per i dag. Planen legg fram mål for hjortebestanden, avskytingsplan med prosentlar per kategori og fordeling av tal løyve til kvart vald.
- Ofte lagast planen av ein fagperson som leigast inn, og bestandsplanområde kan søkje om å få slike kostnader dekt av viltfondet.
- Det er vertskommunen som godkjenner bestandsplanen etter eit møte med dei andre kommunane i samarbeidet.
- Utover dette er vil valda fungere separat og forhalde seg til sin kommune som normalt (Det blir ingen endring i prosessane med tildeling av løyve, levering av fellingsrapport, fakturering av fellingsavgift og vurdering av jakta).
- Det er anbefalt at bestandsplanområde har eit styre og arrangerer møte for medlemsvalda etter jakta, men dette er ikkje eit krav.
- **Konklusjon: Det medfører nesten ingen endringar for valda administrativt, praktisk eller økonomisk.**

7. YMSE

- **Oppdater adresse på organisasjon i Brønnøysundregisteret.**
Ein må ha adresselinje, ikkje berre namn og postnummer, for at posten ikkje skal bli sendt i retur til kommunen. Retur til kommunen tek frykteleg lang tid og ein risikerer å ikkje få informasjonen i tide eller i det heile.
- **Forskrift om minsteareal er endra:** 800 dekar Vestre Hyen, 350 dekar Byrkjelo, Brem og t.o.m. Ryssdal, og 500 i resten av kommunen.
- **Overordna forvaltningsplan – endringar: Hjorteutvalet var positive til kommunen sitt forslag om å utsette rullering av kommunal plan og difor og valda sine forvaltningsplanar med eitt år.** Kommunen ønskjer å undersøkje å fagleg hjelp til grunnlagsdokumentet på neste måldokument og skrive ein 5-årig plan. Hjorteutvalet var positive til forslaget og einige i at ein då kan samle inn kjevar kvart 5. år for aldersbestemming. **Det må kome tydeleg fram i planen at den kan endrast tidlegare om ein ser at det er nødvendig.**
- Ei utsetting vil gjere at rullering av plan blir eitt år etter rullering i Stad kommune og arbeidsmengda for utmarksforvaltar blir fordelt jamnare mellom år.



Takk for i dag!